

Naturvernforbundet Hordaland
Bredsgården 1E
5003 Bergen

Noregs Jeger- og Fiskerforbund Hordaland
Nesttunbrekka 95
5221 Nesttun

Bergen, 24.01.2022

Noregs vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091, Majorstua
0301 Oslo

Fråsegn til ny 132 kV sjøkabel frå Kollsnes til Oseberg-feltet (saksnr. 202107585)

Me takkar for utsett frist til å gje uttale til MTA-planen for bygging av vekselstraumkabel frå Kollsnes i Øygarden til Oseberg-feltet i Nordsjøen. Her fylgjer våre merknader.

Konsesjonar til bruk av straum må avgrensast til naturvenlege prosjekt som medverkar til omstillinga til ein natur- og klimavenleg økonomi. Å bruka straum for å halda fram med klimaskadeleg olje- og gassutvinning er ikkje riktig prioritering. Den verdifulle, fornyelege krafta må prioriterast til tiltak på land som gjev reell klimaomstilling.

Saman med elektrifiseringa av Troll B og C er elektrifiseringa av Oseberg-feltet venta å krevja 1,77 TWh straum i året – som svarar til straumbruken til 110 625 gjennomsnittlege, norske husstandar. Planane om sjøkabel og elektrifisering av Oseberg-feltet er ein del av Equinor sine planar om å nytta 10-12 TWh fram mot 2030 til elektrifisering av sokkelen, og dét berre fram mot 2030. Storstilt elektrifisering av sokkelen vil måtta gå utover elektrifisering av omstillingsdyktige sektorar på land, då me ganske enkelt ikkje har nok straum til begge deler utan omfattande utbygging av ny straumproduksjon. Såleis vil elektrifisering av sokkelen også medverka til å leggja endå meir press på naturen.

Straum er ikkje ein noko me kan bruka uavgrensa mengder av, sjølv om den er produsert med hjelp av sol, vind eller vatn. All energiproduksjon er ressurskrevjande, og ikkje minst arealkrevjande. På grunn av den stadige bit-for-bit-nedbygginga av naturen er artsmangfaldet truga verda over. 2752 norske artar er på raudlista, og av desse er 9 av 10 truga av arealendringar, som tekniske inngrep, øydelegging og oppstyking av naturen. For å bremsa klimaendringane og stoppa den like akutte og alvorlege kollapsen i naturmangfaldet, må me verna om økosystema me har igjen og i tillegg restaurera mykje av naturen me har bygd ned. Vindkraftutbygginga i Noreg har dei siste åra vist oss kor øydeleggjande fornyeleg

energiproduksjon kan vera når det vert gjort på feil måte. Det aller viktigaste me kan gjera, er å erkjenne at også fornyeleg energi er ein knapp ressurs som me må nytta på den smartaste og mest effektive måten.

Sjølv om me produserer meir straum på Vestlandet enn me nyttar sjølve, er det ikkje slik at den fornyelege krafta ikkje allereie vert nytta til ulike føremål andre stader i Noreg og Europa. Når fleire TWh med straum skal sendast frå land og ut til Oseberg-feltet og etter kvart fleire olje- og gassplattformer, betyr det at denne straumen må takast frå ein plass. I neste omgang utløyser dette krav om meir straumproduksjon og overføringslinjer som gjer store inngrep i den naturen som det er så kritisk at me tek vare på. Vidare utbygging av naturøydeleggande vindkraft, vasskraft og oppheving av vassdragsvern, som alle er moglege følgjer av Equinor sine elektrifiseringsplanar, vil verta svært konfliktskytt og medverka til å akselerera tapet av natur og biologisk mangfald.

Oppsummert er Naturvernforbundet Hordaland og Noregs Jeger- og Fiskerforbund Hordaland sterkt imot elektrifiseringa av Oseberg-feltet med kraft frå land. Me er i ei avgjerande tid for klima- og naturvenleg samfunnsomstilling, og det er feil prioritering av den knappe ressursen som fornyeleg straum er, å senda den ut til olje- og gassproduserande plattformer. Equinor sine elektrifiseringsplanar vil krevja enorme mengder straum og leggja press på endå meir utbygging av den allereie hardt pressa naturen vår. Me meiner at Equinor sin MTA-plan ikkje kan godkjennast og at konsesjonen må trekkast. For å stansa dei store utsleppa av klimagassar frå Oseberg, kan ein vurdere lokal vindkraftproduksjon på feltet, elles må drifta skalerast ned og etter kvart fasast ut.

Skulle sjøkabel til Oseberg-feltet likevel verta bygd, må det lokale naturmangfaldet skånast. Dette gjeld både ved utbygging av landanlegg på Kollsnes og ved legging av kabeltraseen på havbotnen der det bentiske biologiske mangfaldet må visast særskild omsyn, jamfør punkt 9 i vedlegget til MTA: «*Dersom det under bunnundersøkingar før legging av sjøkablene oppdages spesielt sårbare arter, skal det benyttes miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder som unngår eller begrenser skader på naturmangfold, jf. §12 i naturmangfoldloven.*» Det må stillast høge krav til kompetanse for dei som skal utføra naturkartleggingane.

Med venleg helsing